

Vegen vidare

Valet 2011 vert annleis enn tidlegare val. Vi er alle sterkt prega av dei grufulle hendingane 22. juli, og våre tankar og varmaste medføling går no til offera og deira pårørande. Hendingane vil prege både valkampen og sjølve valet. Forhåpentlegvis vil fleire enn tidelegare bruke stemmeretten, og vi vil sjå ein valkamp der politikarane viser både omsyn og respekt for kvarandre. Det er viktig at det blir sett fokus på sakene som er viktig for innbyggjarane i Haram. Korleis vi skal sørgje for at Haram er ein god kommune som alle trivast i, og korleis vi skal skape eit miljø for vekst i næringslivet? Det er ingen fasitsvar. Alle dei politiske partia arbeider mot dette målet, det som skil oss er måten vi arbeidar oss framover. Den økonomiske situasjonen i kommunen er no stabil. Tidelegare har vi kutta drastisk i tenester som vi helst ville skjerme mot verknadane frå finanskrisa i 2008. Den førte til eitt stort budsjett underskot som måtte rettast oppi for at vi ikkje skulle hamne på ROBEK-lista.

Haram Venstre har ikkje tru på at eigedomsskatt er svaret på dei økonomiske utfordringane. Ein slik «skatt på skatt» vil ramme minstepensjonistane, ungdom som ynskjer å etablere seg i kommunen i tillegg til små bedrifter. Både den økonomiske veksten og folkeveksten er truga av eit slikt tiltak. Somme meiner at vi ikkje har noko val, for å kunne finansiere fleire og betre tenester må vi innføre eigedomsskatt. Dette er ikkje heile sanninga. Slike parti vil gjerne ta snarvegar. Økonomisk vekst kjem av privat forbruk, ikkje offentleg. Vi lurar oss sjølv dersom vi trur motsett. For at eit variert næringsliv skal få grunnlaget til å spire må vi ha eit liberalt og rettferdig system. Vi må ikkje forhaste oss, men gi det lokale næringslivet sjansen til å vise kva dei er god for.

Vi må derfor fortsette med å bruke dei midlane vi no rådar over med omhug, og ikkje bruke over evne. Det handlar ganske enkelt om å prioritere. Vi i Haram Venstre prioritetar grunnskulen og eldreomsorg over alt anna. Vi er no det einaste partiet i Haram som programfestar ei auke i driftsrammene for grunnskulen. Vi går òg til val på å heve rammetimetalet for å sikre høg kvalitet i skulane våre. Når det kjem til helse og omsorg lovar Venstre å styrkje den kommunale helsetenesta. Vi vil auke legedekninga i sjukeheimane og hyre ein psykolog/familieterapeut. Kvar skal vi då spare inn? Vi vil kutte unødig byråkrati, vi vil selje kommunal eigedom som vi ikkje lenger har bruk for og skaffe til vegs rimelege og effektive anbod på enkelte kommunale tenester. Vi vil forsøke å drive ein ansvarlig finanspolitikk som er til gagn for innbyggjarane.

Venstre er eit av veldig få parti som går til val på å innføre skulefruktordninga på nytt. Vi ynskjer at den skal bidra til å gi borna våre ein sunnare skulekvardag. Vi vil derfor òg forsøke å gjere denne ordninga meir fleksibel ved å la eleven sjølv velje kva frukt eller grønnsak ein vil ha.

Same kva politisk orientering du er av vil eg råde deg til å bruke litt av di tid til å sette deg inn i kva dei ulike partia meiner lokalt. Det er ingen parti som lovar å innføre eigedomsskatt, men dei som lovar skog og grønne enger i denne usikre tida og ikkje har eit klart standpunkt mot eigedomsskatt bør ein være varsam med.

Kristian Stråmyr 2. kandidat for Haram Venstre